

VICTORIAS REQUIEM

Onsdag 29 januar, 20:00, Nidarosdomen

Raúl Mallavibarrena

Jone Martínez & Manon Edit, sopran Ariel Hernández & Javier M. Carmena, tenor

Gabriel Díaz & Beatriz Oleaga, alt Javier Cuevas & Fabio Barrutia, bass

Tomàs Luis de Victoria (1548—1611) – O quam gloriosum

Victoria – Quam pulchri sunt

Victoria – Ave Maria a 4

Victoria – Estote fortes in bello

Giovanni Pierluigi da Palestrina (1525—1594) – Viri Galilei

Victoria – Sicut lilium a 5

Victoria – Requiem 1605

Lectio: Taedet animam team

Introitus

Kyrie

Graduale

Offertorium

Sanctus-Benedictus

Agnus Dei

Communio

Motectum – Versa est in luctum

Responsorio – Libera me

Alonso Lobo (1555—1617) — Versa est in luctum



GOBIERNO
DE ESPAÑA

MINISTERIO
DE CULTURA
Y DEPORTE

inaem

INSTITUTO NACIONAL
DE LAS ARTES ESCÉNICAS
Y DE LA MÚSICA

Centro
Nacional
de Difusión
Musical
CNDM

A co-production with Centro Nacional de Difusión Musical.

Musikkhistoria, slik vi kjenner ho, er egentleg ulideleg smal. Først av alt står komponisten i sentrum: Musikarane og songarane som var med på å halda musikken i live gjennom hundreåra har stilna, i mangelen på noko vis å gjera bragdene deira udøyelege før fonografen tidleg på 1900-talet. Andre viktige aspekt, som mesenar, pedagogar og lokale for musikkframføring, er for det meste berre kjend av spesialistar, og då i alt for liten grad. Noko av grunnen til dette er at forståinga vår av musikkhistoria òg er fokusert på så alt for få namn.

Det eksisterer til dømes knapt ei kyrkje i heile Europa der ein få eit ordentleg innblikk i musikken som blei spela: Til det er for mykje gløymt eller gøymt bort, utan at nokon har sett på det.

Når det er sagt, er det ofte gode grunnar til at noko har gått i gløymsla medan noko anna er hugsa. Det er difor alltid verd å reflektera over kvifor ein komponist har blitt hugsa, medan andre blei gløymd. Dette er i sær tilfelle i aldrar der få namn blir hugsa, og det er kanskje ingen periode som er så dominert av

ein person som høgrenessansen, der Palestrina, mannen som skal ha redda den fleirstemde kyrkjemusikken frå å bli bannstøytt som «ukatolsk», kronar som den viktigaste komponisten. Ved sidan av han står berre tre namn: Orlando di Lasso, William Byrd og Tomás Luis de Victoria, som respektivt representerer eit tysk, britisk og spansk alternativ.

Victoria (1548–1611) var fødd i Ávila-provinsen i Sentral-Spania. Familien hans var av jødisk opphav, men hadde under press frå styresmaktene og

inkvisisjonen konvertert til katolisismen. Som ungdom var han korgut i katedralen i Ávila. Han utmerkte seg både som songar og organist, og fekk i 1565 eit stipend frå kong Filip II til å reisa til Roma, der han i ei tid arbeidde som kantor. Det har òg vore hevda at han var elev av Palestrina her, og sjølv om dette er uvisst, veit vi at han tok over stillinga hans som kapellmeister i Det pavelege romerske seminaret på 1570-talet, der han òg blei gjort til prest.

På 1580-talet byrjar ein ny periode i livet til Victoria. I 1587 kalla Filip II han attende til Spania for å bli kapelan keisarenkja erkehertuginne Maria av Austerrike (1528–1602), som hadde slått seg ned i Spania saman med dotter hennar nokre år tidlegare; denne dottera, erkehertuginne Margaret av Austerrike (1567–1633) var meint å gifta seg med Filip II, men aviste han og blei nonne i det kongelege klosteret i Madrid. Dei neste 17 åra tente Victora keisarenkja, og sju år som klosterorganist etter det. Det var til ho at han skreiv rekviemet sitt.

Kva er det som har gjort musikken til Victoria relevant for ettertida? Alle komponistar som arbeidde likt med Palestrina må finne seg i å bli samanlikna med han. Kva Victoria gjeld, kan musikken hans bli oppfatta som meir subjektiv og personleg enn Palestrina, som alltid er perfekt i form og klang. Om Palestrina er den perfekte representanten for den katolske kyrkja, fangar rekviemet til Victoria det menneskelege, og det i ein stil som for eit moderne publikum er framand nok til at dette er svært utfordrande.



PROGRAM, S. 14

BAROKKFEST 2020

O quam gloriosum

O quam gloriosum est regnum,
In quo cum christo gaudent omnes sancti!
Amicti stolis albis,
Sequuntur agnum, quocumque ierit.

O quam gloriosum

Å kor herleg kongedømet ditt er,
Der alle helgenane frydar seg med Kristus!
Kledd i kvitt,
Følgjer dei lammet kvar enn det går.

Quam pulchri sunt

Quam pulchri sunt gressus tui filia principis. Umbilicus tuus
crater tornatilis numquam indigens poculis venter tuus sicut
acervus tritici vallatus liliis. Collum tuum sicut turris eburnea
oculi tui...
Et comae capitis tui sicut purpura regis, quam pulchra es et
quam decora carissim.
Alleluia.

Quam pulchri sunt

Kor vakre er vel stega dine, prinsedotter!
Navlen din er som ein bolle som aldri manglar vin.
Nakken din er som eit elfenbeinstårn.
Augo dine...
Håret på hovudet ditt er som kongeleg purpur. Kor fager, og
kor yndefull du er!
Halleluja.

Ave Maria

Ave Maria, gratia plena.
Dominus tecum, benedicta tu.
In mulieribus et benedictus.
Fructus ventris tui Iesus..
Sancta Maria, mater dei,
Ora pro nobis peccatoribus,
Nunc et in hora mortis nostrae.
Amen.

Ave Maria

Hill deg, Maria, full av miskunn,
Herren er med deg, du er signa.
Signa er du mellom kvinner,
Og signa er ditt livs frukt, Jesus.
Heilage Maria, Guds mor,
Be for oss syndarar,
No og i vår dødstime.
Amen.

Estote fortes in bello

Estote fortes in bello,
Et pugnat cum antiquo serpente,
Et accipietis regnum aeternum.
Alleluia.

Estote fortes in bello

Ver tapper i krigen,
Og kjemp mot den eldgamle slanger,
Og de vil få kome inn i det ævelege riket.
Halleluja.

Viri Galilaei Viri Galilaei

Viri Galilaei, quid statis aspicientes in coelum?
Hic Jesus, qui assumptus est a vobis in coelum,
Sic veniet, quemadmodum vidistis eum euntem in coelum.
Alleluja.

Menn av Galilea, kvifor står de og ser mot himmelen. Den
Jesus som er teke frå dykk opp til himmelen skal kome atten-
de slik som de såg han fara.
Halleluja!

Ascendit deus in jubilatione, et dominus in voce tubae.
Alleluja.
Dominus in coelo paravit sedem suam.
Alleluja.

Gud er himmelfaren med jubel, og Herren vil gje trompeten
lyd. Halleluja!
Herren har budd si trone i himmelen.
Halleluja!

Introitus Introitus

Requiem aeternam dona eis, domine:
Et lux perpetua luceat eis.
Te decet hymnus, deus, in sion.

Gjev dei æveleg kvile, Herre,
og lat det ævelege ljaset skine på dei.
Til deg ei hymne, o Gud, i Sion.

Et tibi reddetur votum in ierusalem:
Exaudi orationem meam,
Ad te omnis caro veniet.
Requiem aeternam dona eis, domine:
Et lux perpetua luceat eis.

Eg ei eid skal bli svoren til deg i Jerusalem:
Høyr bøna mi!
Alt av kjødet skal kome til deg.
Gjev dei æveleg kvile, Herre,
Og lat det ævelege ljaset skine over dei

Kyrie Kyrie

Kyrie, eleison.
Christe, eleison.
Kyrie, eleison.

Herre, miskunna oss.
Kristus, miskunna oss.
Herre, miskunna oss.

Graduale Graduale

Requiem aeternam dona eis, domine:
Et lux perpetua luceat eis.

Gjev dei æveleg kvile, Herre,
og lat det ævelege ljaset skine på dei.

In memoria aeterna erit iustus:
Ab auditione mala non timebit.

Dei rettvisе vert hugsa i æva;
dei skal ikkje frykta den vonde høyringa.

PROGRAM, S. 16

BAROKKFEST 2020

Offertorium

Domine iesu christe, rex gloriæ,
Libera animas omnium fidelium defunctorum
De pœnis inferni et de profundo lacu:
Libera eas de ore leonis,
Ne absorbeat eas Tartarus,
Ne cadant in obscurum:
Sed signifer sanctus Michael
Repræsenter eas in lucem sanctam:
Quam olim Abraham promisisti, et semini eius.

Offertorium

Herre Jesus Kristus, ærverdige konge,
frels sjelene til alle trufaste daude
frå Helvetes smerter og dei botnlause avgrunnane;
frels dei or løvas gap,
så Tartarus ikkje svelgjer dei,
og dei ikkje fell i fortapinga,
men lat flaggberaren Mikael
føre dei til det heilage ljuset,
som du lova Abraham, og avkommet hans.

Sanctus

Sanctus, sanctus, sanctus,
Dominus deus sabaoth.

Pleni sunt cœli et terra gloria tua,
Hosanna in excelsis.

Benedictus qui venit in nomine domini.
Hosanna in excelsis.

Sanctus

Heilag, heilag, heilag,
er Gud Herren Sabaoth.

Full er himmelen og jorda av hans herlegdom.
Hosanna i det høgste.

Signa vere han som kjem i Herrens namn.
Hosanna i det høgste.

Agnus Dei

Agnus Dei, qui tollis peccata mundi:
Dona eis requiem.
Agnus Dei, qui tollis peccata mundi:
Dona eis requiem.
Agnus Dei, qui tollis peccata mundi:
Dona eis requiem semperiternam.

Agnus Dei

Lamm av Gud, som bar all verdsens synder,
Gjev dei kvile.
Lamm av Gud, som bar all verdsens synder,
Gjev dei kvile.
Lamm av Gud, som bar all verdsens synder,
Gjev dei kvile frå æve til æve.

Communio Communio

Lux æterna luceat eis, domine:
Cum sanctis tuis in æternum:
Quia pius es.

Må det ævelege ljøset skine på dei, Herre,
med dine heilage i all æve,
for du er miskunnsam.

Requiem æternam dona eis, domine:
Et lux perpetua luceat eis.
Cum sanctis tuis in æternum:
Quia pius es.

Gjev dei æveleg kvile, Herre,
og lat det ævelege ljøset skine på dei,
med dine heilage i all æve,
for du er miskunnsam.

Motectum Motectum

Versa est in luctum cithara mea,
Et organum meum in vocem flentium.
Parce mihi domine,
Nihil enim sunt dies mei.

Mi harpe er stemt til sorga
og mi fløyte til røystene til dei gråtande.
Ver meg miskunnsam, Herre,
for dagane mine er som ingenting.

Responsorium Responsorium

Libera me, domine, de morte æterna, in die illa tremenda
Quando cæli movendi sunt et terra.

Frels meg, Herre, frå den ævelege undergangen på den
grufulle dagen,
då himmelen og jorda skal bli skaka,

Dum veneris iudicare sæculum per ignem.
Tremens factus sum ego, et timeo, dum discussio venerit,
atque ventura ira

Då du skal kome for å døma verda med eld.
Eg blir skjelven, og eg ottast for,
domen som skal kome over oss, og den komande vreiden,

Quando cœli movendi sunt et terra.
Dies illa, dies iræ, calamitatis et miseræ,
Dies magna et amara valde
Dum veneris iudicare sæculum per ignem.

då himmelen og jorda skal bli skaka.
Den dagen, vreidedagen, ulukke
og elende, dagen med stor og ufatteleg bitterheit,
då du skal kome for å døme verda med eld.

Requiem æternam dona eis, domine: et lux perpetua luceat eis.

Gjev dei æveleg kvile, Herre, og lat det ævelege ljøset skine
over dei.

PROGRAM, S. 18

BAROKKFEST 2020

Kyrie, eleison.	Herre, miskunna oss.
Christe, eleison.	Kristus, miskunna oss.
Kyrie, eleison.	Heilage ande, miskunna oss.

Lectio II

Taedet animam meam vitae meae; dimittam adversum me
eloquium meum,
Loquar in amaritudine animae meae.
Dicam deo: noli me condemnare; indica mihi cur me ita
judices.
Numquid bonum tibi videtur, si calumniaris me, et opprimas
me opus manuum tuarum,
Et consilium impiorum adjuves?
Numquid oculi carnei tibi sunt? Aut sicut videt homo, et tu
videbis?
Numquid sicut dies hominis dies tui, et anni tui sicut humana
sunt tempora,
Ut quaeras iniquitatem meam, et peccatum meum scrutaris,
Et scias quia nihil impium fecerim, cum sit nemo qui de manu
tua possit eruere.

Versa est in luctum

Versa est in luctum cithara mea,
Et organum meum in vocem flentium.
Parce mihi domine,
Nihil enim sunt dies mei.

Lectio II

Sjela mi trøytnast av livet; no vil eg gje mi eiga klage lyd,
Eg vil tala med bitter sjel.
Eg vil seia til Gud: Ikkje døm meg skuldig, lat meg visa kvifor
du piner meg!
Har du glede av å øydeleggja det gode, som du har skapt
med egne hender,
og la ljaset skine over planane til dei vonde?
Har du då auge som ein skapning? Ser du det som men-
neska ser?
Er dagane dine som dagane til menneska? Eller ser du som
mennesket ser,
Sidan du må leite etter manglane mine og leite etter synda
mi.
Du veit at eg ikkje er vond, og det er ingen som kan frelse
utanom deg.

Versa est in luctum

Mi harpe har blitt til sorg
Og mi fløyte til røysta til dei som sørger.
Spar meg, Herre,
For dagane mine er som ingenting.

